

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:**  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2021, 25. FEBRUAR  
**Dato:** torsdag 25. februar 2021 12:05:41

---

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2021, 25. FEBRUAR**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **KORONA (1): SMÅ ENDRINGAR FOR HØGSKULEN I VOLDA**

Dei nye retningslinene for korona som vart innført denne veka fører berre til små endringar på Høgskulen i Volda. Høgskulen held fram med å undervise mindre grupper fysisk, medan større grupper og samlingar som hovudregel blir digitale. Det blir framleis mest heimekontor for tilsette, reiser krev særleg godkjenning og idrettshallen og treningsromet blir ikkje opne for andre enn dei som driv trening som ein del av si utdanning.

### **KORONA (2): STUDENTPRAKSISEN HAR GÅTT SOM PLANLAGT**

Svært mange studentar på Høgskulen i Volda har praksis som ein viktig del av utdanninga. Både for lærarstudentar og studentar på sosialfag har praksisen så langt i 2021 gått svært bra ved at få eller ingen praksistimar eller praksissstader har vorte råka av korona. Ei viktig forklaring på det er at vår region har svært låg smitte. Praksisen for lærarstudentane held fram for ulike grupper utover våren, medan for sosialfag er praksisen ferdig i februar.

### **KORONA (3): FØLG MED PÅ INFORMASJON FRÅ KOMMUNEN OG HVO**

Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følge med både på Høgskulen og Volda/Ørsta kommune sine nettsider der det er oppdatert informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

[Koronainformasjon frå Ørsta kommune.](#)

### **MØTE I HØGSKULESTYRET 4. MARS: ÅRSRAPPORT OG DISPONERING AV AVSETNINGAR**

Høgskulestyret har det første møtet i 2021 torsdag 4. mars. Ei stor sak på møtet blir handsaming av årsrapporten for 2020 og med det også disponering av avsetningar i 2021 og 2022. [Styresakene kan lesast på nettsida til høgskulestyret så snart dei er klare.](#)

### **SØKNADER TIL FORSKINGSRÅDET: SAMARBEID MED RUNDE MILJØSENTER, ATLANTERHAVSPARKEN OG GISKE OG VOLDA KOMMUNAR**

Fagmiljø ved Høgskulen i Volda har sendt søknader om forskingsmidlar til Noregs Forskningsråd si utlysing innanfor temaet Utdanning og kompetanse. Den eine søknaden har førsteamanuensis Jan Håkon Vikane, AHL, som prosjektleiar og har tittelen: «Action competence: Education for sustainable development in an out-of-classroom contextualised learning environment (ACTION)». Prosjektet er i samarbeid med blant andre Runde Miljøsenter, Atlanterhavsparken, Åbo Akademi (Finland) og Giske kommune.

Den andre søknaden har førsteamanuensis Ivar John Erdal, AMF, som prosjektleiar og har tittelen: “Dark participation and media literacy in schools - How can schools enhance media literacy for the media lives of children and young people”. Prosjektet er i samarbeid med blant andre Volda kommune, Universitet i Bergen og Universitetet i Tromsø.

### **OPPRYKKSSEMINAR PÅ KVINNEDAGEN**

På kvinnedagen 8.mars vert det arrangert Opprykksseminar i Ivar Aasen-auditoriet frå kl

13:00 – 16:00. Dette er eit tiltak i ramma av NFR-prosjektet «Kvinneløftet», og målgruppa er kvinnelege førstekompetente i fast stilling – men er ope for alle førstekompetente. På dette seminaret vil du få innblikk i regelverket rundt opprykk til professor og dosent, og du får gode råd og inspirasjon for søknadsprosessen. Det vert også informert om mulegheit for førehandsvurdering av kompetanse og tildeling av mentor for opprykksprosessen.

## **NY FORSKINGS- OG INNOVASJONSSTRATEGI FOR MØRE OG ROMSDAL**

Framlegg til revidert Forskings- og innovasjonsstrategi for Møre og Romsdal er no lagt ut på høyring. Strategien gjeld for både næringslivet og kommunal sektor og har seks delområde: 1) Finansiering av innovasjon, 2) bygging av kapasitet og kunnskap, 3) berekraft, 4) smarte samfunn, 5) eksport/internasjonalisering og 6) tettare offentleg-privat samarbeid. Strategien er ei rullering av FoI-strategiane for perioden 2016 – 2020 og bygger på innspel frå ein møteserie hausten 2020. Høyrringsfristen er 7. april 2021. [Les meir på nettsidene til Møre og Romsdal Fylke](#).

## **HØGSKULEN I VOLDA LANSERER "STUDIETESTEN": KVA STUDIUM PASSAR FOR DEG?**

Våren er tida for å söke på drøymestudiet, men mange framtidige studentar veit kanskje ikkje kva studium som passar best for dei. Høgskulen i Volda har difor laga ei nettside der framtidige studentar kan svare på 18 spørsmål og deretter få råd om kva tre studium på Høgskulen i Volda som kanskje kan passe best for dei. [Ta studietesten på denne nettsida](#).

## **NYE STUDENTAR? HØGSKULEN MØTTE 4.000 PÅ DIGITALE UTDANNINGSMESSENGRØPEN OG SKULEBESØK**

Høgskulen i Volda har vore representert på digitale utdanningsmesser i regi av TA Utdanning i heile Noreg i januar og februar. Det er studentambassadørar og tilsette ved kommunikasjonskontoret som har representert høgskulen. Totalt har meir enn 4.000 potensielle studentar vore innom den digitale standen til HVO. Nærare 1.800 har meldt at dei er «svært interessert» i studietilbodet i Volda, medan i underkant av 6.500 har merka HVO som ein høgskule dei er interesserte i. Meir enn 500 har ønska seg meir informasjon og dei har fått eit eige nyheitsbrev. HVO har også vore med på digitale skulebesøk i Møre og Romsdal og Vestland fylke og i samarbeid med Universitetet i Bergen og NTNU i same periode.

## **NYE STUDENTAR? (2) TA GJERNE KONTAKT MED OSS!**

For studentar og skular som *ikkje* deltok på messene eller deltok på skulebesøka er det framleis håp. Kommunikasjonskontoret inviterer skular og andre til å ta kontakt for å bli betre kjent med HVO og studietilbodet vårt. [Ta kontakt med oss her](#).

## **HØGSKULEN I VOLDA TILBYR FIRE ERFARINGSBASERTE LEKTORLØP**

Høgskulen i Volda tilbyr fire mastergradsutdanningar på deltid for lærarar som ønskjer lektorkompetanse. Dei fire erfaringsbaserte mastergradane ved Høgskulen i Volda er retta mot lærarar som har fullført lærarutdanning og som har 60 studiepoeng i anten norsk, engelsk, samfunnsfag eller matematikk. [Les meir på nettsidene våre](#).

## **LÆRARSTUDENTAR TOK OVER NABOSKULEN TIL HØGSKULEN**

Øyra barneskule ligg 50 meter frå kantina på Høgskulen i Volda og er ein av partnarskulane til lærarutdanningane ved Høgskulen i Volda. Det betyr blant anna at i periodar tek studentar over all undervisninga og driv heile skulen. [Les meir om korleis det gjekk i februar 2021 på nettsidene våre](#).

## **INTERNASJONAL UTVEKSLING TIL HAUSTEN? SØKNADSFRIST ER 1. MARS**

Høgskulen i Volda (HVO) ønsker å leggje til rette for [internasjonal utveksling](#) til hausten, så sant dette er mogleg. Søknadsfristen er 1. mars. Internasjonalt kontor håper at situasjonen i verda betrar seg slik at utveksling blir meir aktuelt enn det har vore det siste året. Det er framleis ein viss fare for at utveksling vert avlyst til enkelte land, så alle som søker utveksling bør ha ein plan B i bakhand. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## UTVIDA OPNINGSTID I PARKERINGSKJELLAREN I VOLDA CAMPUS ARENA

Opningstida i parkeringskjellaren i Volda Campus Sparebank1 Arena er no utvida. Parkeringskjellaren er no open mellom kl 07.00 - 00.15 alle dagar i veka. Porten vil automatisk lukke seg kl. 00.15, og automatisk opne seg kl. 07.00. Grunnen til at opningstida er forlenga til etter midnatt er at klatrehallen er open heilt til klokka 24.00. Det vil kome opp skilt med dei nye faste opningstidene.

## HØGSKULEN HELD FRAM I SKAPARHUSET I ULSTEINVIK

Høgskulen i Volda var blant skiparane av Skaparhuset i Ulsteinvik, som er "... eit møtepunkt for innovasjon og samarbeid; eit drivhus for dei gode ideane og ein arena for læringslivet." Høgskuleleiinga har no betalt eit forsøk for forventa aktivitet i Skaparhuset i 2021, og alle fagmiljø ved høgskulen kan nyte seg av dette for aktuelle forskings- og utdanningsføremål. [Høgskulektor Synnøve Amdam](#), AMF, sit i styret for Skaparhuset. [Les meir på nettsidene til Skaparhuset.](#)

## VANLEGE OPNINGSTIDER I STUDENTBOKHANDELEN

[Studentbokhandelen Akademika ved Høgskulen i Volda](#) har no gått over til vanlege opningstider og er ope måndag-fredag klokka 10-15.

## PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrerer publiseringane dine i Cristin.](#)

## PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

## PUBLISERINGAR (3): BENTE VATNE I "NORDIC JOURNAL OF COMPARATIVE AND INTERNATIONAL EDUCATION"

[Dosent Bente Vatne](#), AHL, har saman med tre andre forskarar i Noreg og Danmark publisert artikkelen "[Comparing Early Childhood Teacher Education in the subject Language learning and Early literacy in Denmark and Norway](#)" i tidsskriftet Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE). Dei tre andre forfattarane er Liv Gjems (Universitetet i Søraust-Noreg), Ida Kornerup og Vibeke Schrøder (Københavns Professionshøjskole).

## PUBLISERINGAR (4): KRUMSVIK-KRONIKK I DAGENS MEDISIN

Professor II Rune J. Krumsvik, AKF/Uib har publisert ein kronikk i Dagens Medisin: "[Koronapandemien – og de beste blant oss](#)".

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2021

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Vårsemesteret 2021:

2.3.2021: Personalseminar AHL  
4.3.2021: [Styremøte](#)  
8.3.2021: Opprykksseminar for fagleg tilsette  
12.-21.3.2021: [Studentveka](#)  
18.-19.3.2021: Avdelingsseminar, ASH  
6.-7.4.2021: Avdelingsseminar, AKF  
14.4.2021: [Utdanningsutvalet](#)  
21.-25.4.2021: [Dokfilm-festivalen](#)  
29.04.2021: [Styremøte](#)  
26.5.2021: [Utdanningsutvalet](#)  
3.6.2020: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet  
10.06.2021: [Styremøte](#)  
16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

#### **Haustsemesteret 2021:**

9.09.2021: [Styremøte](#)  
24.-28.09.2021: [Forskningsdagane 2021](#)  
1.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)  
20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)  
29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)  
[Animation Volda](#) (dato ikke bestemt)  
3.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)  
9.12.2021: [Styremøte](#)

#### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

#### **REKTORBLOGGEN**

[19.2.2021: Vår første disputas: Helsing til Stein Conradsen](#)  
[16.2.2021: Studiebarometeret 2020: Blanda drops for Høgskulen i Volda](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

#### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)  
[Instagram](#)  
[Youtube](#)  
[HVO-bloggar](#)  
[Nynorsksenterets blogg](#).  
[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)  
[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)



Last ned [Outlook for Android](#)